

Styrereferat 11. juli 2016

Tilstades: Ola Fjerdings, Martin Lunestad og Roger Vassnes

Sak 1: Trenere til hausten

Mangler pr no trener til G14, gymnastreningane, Talent Øystese og stjerneserien

- Instruktør fra fritidsordninga vert bedd om å ta G14 som ein del av ansettelsen
Me koordinerer med lagleiar G14 angående kampkollisjon for junior og G14 på tirsdager
- Gymnastreningar – Instruktør frå fritidsordninga er foreslått som ansvarleg for dette, i allefall midlertidig. Dette er eit fag dei får karakter i på gymnaset slik at ein bør i løpet av nærmaste framtid skaffe ein annan ansvarlig som kan forsvare karakterer utifrå læreplanen. Me held ein dialog med Øystese Gymnas angående denne prosessen.
- Talent Øystese – utgår (i alle fall i haust)
- Stjerneserien – Her stiller Øystese Fotball disponibelt mannskap til Kvam Herad. Kvam Herad har direkte arbeidsavtale med arbeidstakar. Høyrrer om instruktør frå fritidsordninga vil ha denne ekstrajobben.

Sak 2: IFO/FFO

Manglar ein instruktør før kabalen går opp. Ei stilling (50%) er lyst ut og det er komen søknader.

Eit forslag som er komen er å benytte 50% på IFO/FFO og å slå saman med 50% sportssjef for å skape ein 100% stilling.

Budsjettet til IFO/FFO frå sommaren av går i minus, og ein må sjå på økonomien i opplegget ein har.

Sak 3:

Sportssjef – Fleire alternativ diskutert for å erstatte sportssjef.

Alternativ 1 – Dele sportssjef stillinga opp i fleire små stillingar og la fleire personer dekke den til hausten. Dette kan også vera ein varig løysning.

Alternativ 2 – Kutte ein del poster i stillinga og ha ein mindre stillingsprosent (25%)

Alternativ 3 – Som skissert under sak 2 (100% stilling der 50% kjem frå stillinga på IFO/FFO)